


Valdres Natur- og Kulturpark

Valdres Næringshage, Skrautvålsvegen 77
2900 Fagernes



Til firmapost@vegvesen.no

Forventningar til framtidig organisering av SVV

Bakgrunn:

Vi er gjort kjent med at vegdirektøren foreslår ei endring av organiseringa av SVV, som fylje av regionreforma. Det vil truleg bli ein divisjonsmodell. I tillegg er det arbeid med ein konsulentrapport om trafikkstasjonane. Samferdselsdepartementet har og bedt SVV om å vurdere kva oppgåver som kan privatiserast. Fleire tenester blir digitalisert og færre vil møte fysisk fram på trafikkstasjonen i framtida.

I Meld. St. 22 (2015–2016) Nye folkevalte regioner – rolle, struktur og oppgåver blir det lagt grunnlaget for endra regioninndeling og endra oppgåveløysing i Norge. Målet er som regjeringa sjølv seier:» Regjeringa har som mål at regionreforma skal gje ei positiv samfunnsutvikling i alle delar av landet, basert på regionale fortrinn, føresetnader og prioriteringar» dei seier vidare «Fylkeskommunane skal setje i verk eigen politikk, men også nasjonal politikk i ein regional kontekst. Rolla som samfunnsutviklar blir utøvd i samspel med staten og kommunane. Denne rolla blir styrkt gjennom regionreforma.»

Reforma er i følge regjeringa ei desentraliseringsreform som skal gje positiv utvikling i alle delar av landet. Delar av oppgåvene til SVV er flytt til regionane og oppgåvene til SVV er endra, dette er utfordrande for SVV og den strukturen dei har hatt.

I distrikta har me hatt Trafikkstasjonar med dei oppgåvene ein trafikkstasjon har for køyretøy. I Valdres til dømes har det i tillegg vore ei vegavdeling med kompetente fagfolk som til saman i dag har 13 arbeidsplassar.

Drøfting:

Når ein no foreslår ein ny divisjonsstruktur er det viktig at SVV svarar opp forventninga om at dette er ein desentraliseringsreform. Digitalisering er grunnlaget for ein del av dei endringane som blir foreslått, digitalisering kan og nyttast for å desentralisere folk. SVV må no sjå på nye måtar å arbeide på. Det kan ikkje vera rett å samle all kompetanse sentralt for så å bruke timevis i bil for å kome ut dit vegane er.

Det er viktig med den lokale fagkompetansa. Valdres blir no ein del av det geografisk store området Innlandet, ein region med mange store og tunge gjennomfartsårer, nord - sør og aust – vest. I tillegg betyr regionale kompetansearbeidsplassar mykje for regionar si utvikling.

Vi kan ikkje akseptere at SVV løyser utfordringa dei no har fått med å sentralisere arbeidsplassane i SVV, vi forventar at digitaliseringa blir nytta som ei mogelegheit til å desentralisere. Vi meiner og at dette er ei sak som må opp i Stortinget og ikkje kan avgjerast i lukka rom.

Det synes vanskeleg å forstå at ei privatisering av tenestene ved Trafikkstasjonane er rett svar på kva som skal skje med trafikkstasjonane. Det er forståeleg at færre vender seg fysisk til stasjonane, men systema bak digitalisering skal drivast, kvifor kan det ikkje leggest ei oppgaveportefølje som gjer det mogeleg å ha opne stasjonar i distrikta og?


Konklusjon.:

Vi forventar ein klar distriktsprofil på den organiseringa som blir valt for Statens vegvesen. Det forventast at digitalisering mogeleggjør ein desentralisert divisjonsmodell med oppgåver lagt til Valdres. Fagleg desentral kompetanse og desentral lokalisering av Statens vegvesen vil vera ein styrke for samhandling med kommunar i oppgåveløysinga.

Valdres meiner at utflytting av statlige arbeidsplasser frå hovudstaden skal bidra til å styrke eksisterande administrasjonssenter i Statens vegvesen. Vi meiner at hovudsetet for Statens vegvesen sin nye organisasjon må leggest til Lillehammer.

Valdres forventar at framtidig organisering av Statens vegvesen kjem til politisk handsaming i Stortinget.

Fagernes 17. januar 2019



Inger Torun Klosbøle
-regionrådsleiar i Valdres-
Tlf: + 47 97097428



VALDRES
Natur- og Kulturpark



Miljøfyrtårn

Kopi: cato.lokken@vegvesen.no